Budsjettkapittelet omfattar løyvingar til utgiftene staten har til forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen til eigedommar utanfor husleigeordninga. Dette omfattar verdifulle kulturhistoriske eigedommar som blir forvalta av Statsbygg, men som ikkje høyrer med i den statlege husleigeordninga.

534 Erstatningslokale for departementa

Etter angrepet på regjeringskvartalet 22. juli 2011 har staten ved Statsbygg leigd inn erstatningslokale i den private marknaden for DSS og dei departementa som mista lokala sine i angrepet. Løyvingane dekkjer leigeforplikingane og sikringstiltak i desse lokala. Budsjettkapittel 534 post 01 blir avvikla frå 2017, fordi brukarane frå dette tidspunktet inngår leigeavtale med Statsbygg som igjen står som leigetakar med dei private utleigarane.

0020 Statsbygg, Svalbard (8450 Svalbard)

Budsjettkapittelet omfattar løyvingar til lønns- og driftsmidlar for Statsbyggs kontor i Longyearbyen. I 2015 omfatta kapittelet i tillegg eigedommane staten har på Svalbard, men desse er innlemma i husleigeordninga frå 1.1.2016, jf. Prop. 1 S (2015–2016) KMD kap. 2445.

6.1 LEIINGSKOMMENTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2016

Formål

Statsbygg er underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet og er ei forvaltningsbedrift. Statsbygg skal setje i verk og gjennomføre den vedtekte politikken til Stortinget innanfor den statlege bygg- og eigedomssektoren. Hovudoppgåva til Statsbygg er å vere byggherre på vegner av staten, vere rådgivar for staten i byggje- og eigedomssaker og sørge for god forvaltning, drift og vedlikehald av eigedommane som er knytte til den statlege husleigeordninga

Stadfesting

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet (R-115) og krav frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet gitte i instruks om økonomi- og verksemdstyring. Årsrekneskapen til Statsbygg består av løvingsrapportering og artskontorrapportering med notar lagde fram etter kontantprinsippet og verksemdsrekneskap med notar lagde fram etter periodiseringsprinsippet. I samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet fører og rapporterer Statsbygg verksemdsrekneskapen i samsvar med R-114 som handlar om bruk av dei statlege reknekapstandardane.

Eg meiner at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av Statsbyggs disponible løyvingar og av reknekapførte utgifter og kostnader, inntekter, eigedelar og gjeld.

Vesentlege forhold med årsrekneskapen

Tildeling av løyvingar, meir- og mindreutgifter

Statsbygg har i 2016 blitt tildelt 6,1 milliardar kroner i drifts- og investeringsløyving og hatt eit totalt forbruk på 5,5 milliardar kroner. Det er ei mindreutgift på 528,4 millionar kroner (527,7 millionar kroner ekskl. kapittel 0020 på Svalbardbudsjettet). Dette utgjør 8,7 prosent av disponibel løyving. Årsaka til mindreforbruket er i hovudsak forskyvingar i utbetalingar mellom år knytte til nytt Nasjonalmuseum, NMBU Campus Ås og prosjekt sikker infrastruktur i regjeringskvartalet.

Statsbygg har brukt fullmakter frå tildelingsbrevet 2016 til å overskride gitte løyvingar gjennom omdisponeringar og bruk av reguleringsfondet. Det er nytta totalt 65,9 millionar kroner av reguleringsfondet til å dekkje inn meirforbruk på kapittel 2445 post 30 Prosjektering (23,8 millionar kroner) og post 32 Prosjektering og igangsetjing av kurantprosjekt (42,1 millionar kroner). I tillegg er det omdisponert 125,6 millionar kroner frå kapittel 2445 post 34 Vidareføring av kurantprosjekt til kapittel 2445 post 32. Vidare er det omdisponert 4,6 millionar kroner frå kapittel 530 post 33 Vidareføring av byggjeprojekt til kapittel 530 post 31 Igangsetjing av byggjeprojekt.

Meirutgifta på kapittel 533 Eigedommar utanfor husleigeordninga post 01 Driftsutgifter på 1,2 millionar kroner er dekt inn gjennom meirinntekt under kap. 3533 post 02 Ymse inntekter. Det er søkt om å overføre 594,7 millionar kroner til neste budsjettermin.

Investeringar

Statsbygg har i 2016 vore byggherre for byggjeprojekt med eit samla investeringsvolum på 5,4 milliardar kroner. Dette er ein auke på 0,8 milliardar kroner frå 2015. I 2017 er forventa investeringsnivå på 6,2 milliardar kroner. Auken kjem av auka aktivitetsnivå som følgje av store byggjeprojekt som m.a. nytt Nasjonalmuseum, NMBU Campus Ås og prosjektering av nytt regjeringskvartal.

Driftsresultat og verksemdkapital

Totale driftsinntekter inklusiv løyvingar utgjør 6,7 milliardar kroner i 2016 (6,5 i 2015). Av desse utgjør inntektene frå husleigeordninga 4,2 milliardar kroner. Driftskostnader utgjørde totalt 5,0 milliardar kroner i 2016 (4,7 i 2015). Av driftskostnader utgjør kostnader til drift og vedlikehald av eigedom 708,8 millionar kroner og lønnskostnader 427,4 millionar kroner. Det er i 2016 gjort ei nedskrivning av Statsbyggs balanse med 55,1 millionar kroner. Dette gjeld i hovudsak kostnader i forprosjektfasen for prosjekt som det er vedteke å ikkje vidareføre. Andre driftskostnader utgjør totalt 801,9 millionar kroner, av desse er 470,5 millionar kroner knytte til erstatningslokale for departementa. Resultat til disponering i 2016 utgjør 1 708,8 millionar kroner mot 1 700,9 millionar kroner i 2015. Dette utgjør 39,5 prosent av driftsinntektene eksklusiv løyvingar-inntekter. Av driftsresultatet blir 1 185,9 millionar kroner disponerte til investeringsformål, 306,3 millionar kroner til resultat på post 24, mens det blir tilført 213,8 millionar kroner til reguleringsfondet. Det er disponert 2,8 millionar kroner til annan verksemdkapital som representerer forskjellen mellom resultat i løyvingerekneskapen (kontantrekneskapen) og verksemdsrekneskapen. Reguleringsfondet per 31.12.2016 utgjør 378 millionar kroner, mot 164,3 millionar kroner ved inngangen til året. Verksemdkapitalen per 31.12.2016 utgjør 36,4 milliardar kroner mot 34,8 milliardar kroner per 31.12.2015.

Mellomvære

Mellomvære med statskassen utgjørde per 31.12.2016 ei fordring på 429,7 millionar kroner i kontantrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eigedelar og gjeld mellomvære består av.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfester årsrekneskapen for Statsbygg. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d. Revisjonsmeldinga skal vere klar innan 30. april 2017. Revisjonsmeldinga vil bli publisert på nettsidene til Statsbygg så snart dokumentet er offentleg.

Oslo, 27. februar 2017

Harald Vaagaasar Nikolaisen
administrerande direktør

6.2 KONTANTREKNESKAPEN – OPPSTILLING AV LØYVINGSRAPPORTERINGA OG ARTSKONTORRAPPORTERINGA

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er utarbeidd og lagd fram etter retningslinjer som er fastsette i føresegner om økonomistyring i staten (bestemmelsene), under dette føresegnene pkt. 3.4.1 og nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 og krav fastsette av Finansdepartementet.

Løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidde i samsvar med dei grunnleggjande prinsippa i føresegnene pkt. 3.4.2:

1. Rekneskapen følgjer kalenderåret
2. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
3. Utgifter og inntekter er ført i regnskapet med brutto beløp
4. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Rapporterte utgifter og inntekter følgjer prinsippa om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen i føresegnene pkt. 3.5.

Både oppstillinga av løyvingsrapporteringa og oppstillinga av artskontorrapporteringa har som formål å berekne og vise sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen», men dei to oppstillingane er grupperte etter ulike kontoplanar.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassen.

Statlege verksemdar er knytte til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalingar og utbetalingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane verksemda har i Noregs Bank. Statsbygg får ikkje tilført likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin som svarer til netto løyving. Saldo på oppgjerskontoen i Noregs Bank blir nullstilt ved overgang til nytt rekneskapsår.

Ettersom Statsbygg utarbeider verksemdsrekneskap etter SRS med tilhøyrande notar, blir det ikkje utarbeidd notar til kontantrekneskapen.

Løyvingsrapporteringa

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Statsbygg har rapportert til statsrekneskapen. Ho blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som Statsbygg har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser dei finansielle egedelane og pliktene Statsbygg står oppført med i staten sin kapitalrekneskap. Kolonnen samla tildeling viser kva Statsbygg har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev og gjennom belastningsfullmakter for kvart kapittel/post. Note A spesifiserer kva som er tildeling, og kva som er overføring frå i fjor for kvart kapittel/post. Note B gir forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbare beløp til 2017.

Artskontorrapportering

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal Statsbygg har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Statsbygg har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingar skal ikkje inntektsførast og viser ikkje som inntekt i oppstillinga.

OPPSTILLING AV LØYVINGSRAPPORTERING FOR STATSBYGG 31.12.2016

Utg. kap.	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling 2016 *	Kontant-rekneskap 2016	Meirutgift (-) og mindre-utgift
430	Kriminalomsorg i anstalt	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald			2 080 000	
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			520 000	
530	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga	30	Prosjektering av bygg	A,B	185 725 000	137 040 854	48 684 146
530	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga	31	Igangsetjing av byggjeprojekt	A,B	40 000 000	44 616 886	-4 616 886
530	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga	33	Vidareføring av byggjeprojekt	A,B	1 662 925 000	1 557 896 264	105 028 736
530	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga	36	Kunstnarisk utsmykking	A,B	26 083 000	15 515 056	10 567 944
530	Byggjeprojekt utanfor husleigeordninga	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	A,B	68 818 000	48 177 132	20 640 868
531	Eigedommar til kongelege formål	01	Driftsutgifter	A,B	26 049 000	25 477 124	571 876
531	Eigedommar til kongelege formål	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	A,B	37 124 000	27 098 730	10 025 270
532	Utvikling av Fornebuområdet	21	Spesielle driftsutgifter	A,B	198 000	182 384	15 616
532	Utvikling av Fornebuområdet	30	Investeringar, Fornebu	A,B	18 602 000	12 235 344	6 366 656
533	Eigedommar utanfor husleigeordninga	01	Driftsutgifter	A,B	21 098 000	22 275 800	-1 177 800
533	Eigedommar utanfor husleigeordninga	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	A,B	65 116 000	40 108 366	25 007 634
534	Erstatningslokale for departementa	01	Driftsutgifter	A,B	394 249 000	393 912 902	336 098
534	Erstatningslokale for departementa	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	A,B	118 134 000	77 051 752	41 082 248
8450	Svalbardrekneskapen	04	Utgifter		4 534 293	3 831 020	703 274
2445	Statsbygg	24-01	Driftsinntekter		-4 284 000 000	-4 347 713 550	
2445	Statsbygg	24-02	Driftsutgifter		1 754 155 000	1 426 270 861	
2445	Statsbygg	24-03	Avskrivningar		1 033 814 000	1 144 082 500	
2445	Statsbygg	24-04	Renter av staten sin kapital og mellomvære med statskassen		69 800 000	71 416 988	
2445	Statsbygg	24-05	Avsetjing til investeringsformål		1 119 976 000	1 185 900 222	
2445	Statsbygg	24-06	Reguleringsfond		0	213 787 978	
2445	Statsbygg	24	Sum post 24 Driftsresultat	A,B	-306 255 000	-306 255 000	0
2445	Statsbygg	30	Prosjektering av bygg	A,B	133 113 000	156 912 070	-23 799 070
2445	Statsbygg	31	Igangsetjing av ordinære byggjeprojekt	A,B	412 000 000	369 662 861	42 337 139
2445	Statsbygg	32	Prosjektering og igangsetjing av kurantprosjekt	A,B	244 907 000	412 656 301	-167 749 301
2445	Statsbygg	33	Vidareføring av ordinære byggjeprojekt	A,B	1 827 450 000	1 549 476 973	277 973 027
2445	Statsbygg	34	Vidareføring av kurantprosjekt	A,B	706 277 000	580 652 851	125 624 149
2445	Statsbygg	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	A,B	311 414 000	307 444 458	3 969 542
2445	Statsbygg	49	Kjøp av eigedommar	A,B	73 944 000	67 105 635	6 838 365
Sum utgiftsført					6 071 505 293	5 545 675 764	528 429 529

* Mottekte eller gitte belastningsfullmakter skal ikkje visast i note A, men skal visast i eigen rubrikk i note B for «utgiftsført av andre i samsvar med gitte belastningsfullmakter». Kolonnen samla tildeling i løyingsrapporteringa blir derfor ikkje påverka av om departementet gir eller får belastningsfullmakter.

OPPSTILLING AV LØYVINGSRAPPORTERING FOR STATSBYGG 31.12.2016

Innt. kap.	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling 2016	Kontant-rekneskap 2016	Merinntekt og mindre-inntekt (-)
3531	Eigedommar til kongelege formål	01	Ymse inntekter		0	0	0
3533	Eigedommar utanfor husleigeordninga	02	Ymse inntekter		3 036 000	4 395 920	1 359 920
5445	Statsbygg	39	Avsetjing til investeringsformål		1 119 976 000	1 185 900 222	65 924 222
5446	Sal av eigedom, Fornebu	40	Salsinntekter, Fornebu		200 000	0	-200 000
5491	Avskrivningar på staten sin kapital	30	Avskrivningar på staten sin kapital i statens			1 144 082 500	
5603	Renter på staten sin kapital	80	Renter på staten sin faste kapital			72 779 101	
5603	Renter på staten sin kapital	81	Renter på mellomrekneskapen			-1 362 113	
5700	Folketrygda sine inntekter	72	Arbeidsgivaravgift			90 039 388	
Sum inntektsført					1 123 212 000	2 495 835 018	67 084 142

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen	3 049 840 746
---	----------------------

Kapitalkontoar

60079601	Noregs Bank KK / innbetalingar	5 467 630 635
60079602	Noregs Bank KK / utbetalingar	-8 305 200 097
724060	Endring i mellomvære med statskassen	-212 271 285
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

Konto	Tekst	2016	2015	Endring
680014	Statsbygg	40 837 184 402	38 409 883 055	2 427 301 348
724060	Mellomvære med statskassen	-429 685 544	-217 414 259	-212 271 285

NOTE A FORKLARING AV SAMLA TILDELING

Kapittel og post	Overført frå 2015	Tildelingar 2016	Samla tildeling 2016
530.30	70 725 000	115 000 000	185 725 000
530.31	0	40 000 000	40 000 000
530.33	0	1 662 925 000	1 662 925 000
530.36	7 083 000	19 000 000	26 083 000
530.45	25 818 000	43 000 000	68 818 000
531.01	303 000	25 746 000	26 049 000
531.45	5 416 000	31 708 000	37 124 000
532.21	0	198 000	198 000
532.30	8 102 000	10 500 000	18 602 000
533.01	1 010 000	20 088 000	21 098 000
533.45	22 616 000	42 500 000	65 116 000
534.01	8 000 000	386 249 000	394 249 000
534.45	128 134 000	-10 000 000	118 134 000
2445.24	0	-306 255 000	-306 255 000
2445.30	0	133 113 000	133 113 000
2445.31	0	412 000 000	412 000 000
2445.32	43 907 000	201 000 000	244 907 000
2445.33	0	1 827 450 000	1 827 450 000
2445.34	82 987 000	623 290 000	706 277 000
2445.45	42 070 000	269 344 000	311 414 000
2445.49	0	73 944 000	73 944 000
8450.04	723 293	3 811 000	4 534 293

NOTE B

57

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/ mindregift	Utgiftsført av andre ism. gitte belastningsfullmakter	Meirutgift(-)/ mindregift etter gitte belastningsfullmakter	Standard refusjonar på inntektspostane 15-18	Meirinntekter ism. meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparringar	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
530.30	«kan overførast»	48 684 146		48 684 146					48 684 146		48 684 146
530.31	«kan overførast»	-4 616 886		-4 616 886			4 616 886	0	0		0
530.33	«kan overførast»	105 028 736		105 028 736			-4 616 886	100 411 850	100 411 850		100 411 850
530.36	«kan overførast»	10 567 944		10 567 944				10 567 944	10 567 944		10 567 944
530.45	«kan overførast»	20 640 868		20 640 868				20 640 868	20 640 868		20 640 868
531.01		571 876		571 876				571 876	571 876	1 287 300	571 876
531.45	«kan overførast»	10 025 270		10 025 270				10 025 270	10 025 270		10 025 270
532.21	«kan overførast»	15 616		15 616				15 616	15 616		15 616
532.30	«kan overførast»	6 366 656		6 366 656				6 366 656	6 366 656		6 366 656
533.01		-1 177 800		-1 177 800		1 359 920		182 120	182 120	1 004 400	182 120
533.45	«kan overførast»	25 007 634		25 007 634				25 007 634	25 007 634		25 007 634
534.01		336 098		336 098				336 098	336 098	19 312 450	336 098
534.45	«kan overførast»	41 082 248		41 082 248				41 082 248	41 082 248		41 082 248
2445.24				0				0	0		0
2445.30	«kan overførast»	-23 799 070		-23 799 070		23 799 070		0	0		0
2445.31	«kan overførast»	42 337 139		42 337 139				42 337 139	42 337 139		42 337 139
2445.32	«kan overførast»	-167 749 301		-167 749 301		42 125 152	125 624 149	0	0		0
2445.33	«kan overførast»	277 973 027		277 973 027				277 973 027	277 973 027		277 973 027
2445.34	«kan overførast»	125 624 149		125 624 149			-125 624 149	0	0		0
2445.45	«kan overførast»	3 969 542		3 969 542				3 969 542	3 969 542		3 969 542
2445.49	«kan overførast»	6 838 365		6 838 365				6 838 365	6 838 365		6 838 365
8450.04	«kan overførast»	703 274		703 274				703 274	703 274	190 550	190 550

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av løyvinga dette året på driftspostane 01-29, unntatt post 24 eller summen av løyvingane dei siste to åra for postar med stikkordet "kan overførast". Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljar.

Forklaring til bruk av budsjetfullmakter:

Mottokne belastningsfullmakter 2016:

Statsbygg har frå Kriminalomsorgsdirektoratet teke imot to belastningsfullmakter. Belastningsfullmakt nr. 1 på inntil 1,15 millionar kroner ekskl. mva. på kap. 430 post 45 og belastningsfullmakt nr. 2 på inntil 0,97 millionar kroner ekskl. mva. på kap. 430 post 45. Statsbygg har nytta 2,08 millionar kroner av dette.

Fullmakt til å overskride løyvingar mot tilsvarande meirinntekter:

Tildelingsbrev 2016: 6.1 Fullmakt til å overskride gitte løyvingar pkt. 3. Meirutgifta på kap. 533 post 01 på 1,18 millionar kroner, mot tilsvarande meirinntekt under kap. 3533 post 02.

Tildelingsbrev 2016: 6.1 Fullmakt til å overskride gitte løyvingar pkt. 1. Meirutgifta på kap. 2445 post 30 på 23,8 millionar kroner mot dekning i reguleringsfondet.

Tildelingsbrev 2016: 6.1 Fullmakt til å overskride gitte løyvingar pkt. 1. Meirutgifta på kap. 2445 post 32 på 42,1 millionar kroner mot dekning i reguleringsfondet.

Omdisponeringsfullmakter:

Tildelingsbrev 2016: 6.2 Fullmakt til å omdisponere pkt. 1. Meirutgifta på kap. 530 post 31 på 4,6 millionar kroner, tilsvarande beløp er omdisponert frå kap. 530 post 33.

Tildelingsbrev 2016: 6.2 Fullmakt til å omdisponere pkt. 5. Meirutgifta på kap. 2445 post 32 på 125,6 millionar kroner, tilsvarande beløp er omdisponert frå kap. 2445 post 34.

OPPSTILLING AV ARTSKONTORRAPPORTERINGA 31.12.2016

	2016	2015 *
Driftsinntekter rapporterte til løyvingerekneskapen		
Innbetalinger frå gebyr		
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	174 232	2 411 086
Sals- og leigeinnbetalningar	4 220 717 570	4 234 736 258
Andre innbetalningar	107 675 511	480 037 109
Sum innbetalningar frå drift	4 328 567 313	4 717 184 453
Driftsutgifter rapporterte til løyvingerekneskapen		
Utbetalningar til lønn	446 363 562	464 373 698
Utgifter til avskrivningar	1 130 376 712	1 326 483 315
Andre utbetalningar til drift	1 415 890 876	1 624 367 806
Sum utbetalningar til drift	2 992 631 150	3 415 224 820
Netto rapporterte driftsutgifter	-1 335 936 163	-1 301 959 633
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingerekneskapen		
Innbetaling av finansinntekter	1 436 955	3 021 777
Sum investerings- og finansinntekter	1 436 955	3 021 777
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingerekneskapen		
Utbetaling til investeringar	5 404 829 228	4 615 676 174
Utbetaling til kjøp av aksjar		
Utbetaling av finansutgifter	73 615 534	70 832 672
Sum investerings- og finansutgifter	5 478 444 762	4 686 508 847
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	5 477 007 807	4 683 487 070
Disponeringar		
Avsetjing til investeringsformål (ref. post 24 underpost 05)	1 185 900 222	1 169 567 290
Til/frå reguleringsfond (ref. post 24 underpost 06)	213 787 978	-59 794 558
Sum disponeringar	1 399 688 200	1 109 772 732
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel		
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	90 039 388	85 784 797
Nettoføringsordning for mva. konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	-520 000	-110 936
Avsetjing til investeringsformål (ref. kap. 5445, inntekt)	1 185 900 222	1 169 567 290
Avskrivningar (ref. statskonto 5491.30, inntekt)	1 144 082 500	1 326 483 316
Renter av staten sin faste kapital (ref. statskonto 5603.80, inntekt)	72 779 101	69 073 706
Renter av mellomverande med statskassen (ref. statskonto 5603.81, inntekt)	-1 362 113	-2 821 674
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel	-2 490 919 098	-2 647 976 498
Netto rapportert til løyvingerekneskapen	3 049 840 746	1 843 323 670
Oversikt over mellomverande med statskassen		
Eigedelar og gjeld		
Fordringar	23 747 022	15 490 636
Kasse		
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		
Reguleringsfond	-378 033 420	-164 245 442
Skuldig skattetrekk	-29 944 906	-27 628 916
Skuldige offentlege avgifter		-1 693 514
Anna gjeld	-45 454 238	-39 337 023
Sum mellomvære med statskassen	-429 685 544	-217 414 259

* Mal for artskontorrapportering er endra for forvaltningsbedrifter i 2016. Samanlikningstal frå 2015 er omklassifiserte i samsvar med ny mal.

6.3 VERKSEMSREKNESKAP 2016

REKNESKAPSPRINSIPP

Verksemsrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), jf. rundskriv R-114 Bruk av dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) i verksemsrekneskapen av 21.12.16. Verksemsrekneskapen omfattar alle aktivitetane til Statsbygg, uavhengig av finansieringskjelde. Statsbygg er ei forvaltningsbedrift med netto resultatkrav på kapittel 2445 post 24, og ho får i tillegg løyvingar på kapittel 530, 531, 532, 533, 534 og Svalbardbudsjettet.

Prinsippendringar og endring av samanlikningstal

Staten sin renteberande kapital blei i 2015 klassifisert som Anna langsiktig gjeld. DFØ har utarbeidd mal for oppstillingsplan for forvaltningsbedrifter, og staten sin renteberande kapital er klassifisert under Staten sin kapital. I balansen for 2016 er samanlikningstala for staten sin renteberande kapital for 2015 omklassifisert frå Anna langsiktig gjeld til Staten sin kapital.

I Prop. 1 S (2015–2016) KMD under kap. 2445 Statsbygg går det fram at Sysselmannsgården, Bergmesterboligen, Post- og bankbygget, utleigebustader med meir blir innlemma i den statlege husleigeordninga frå 1.1.2016. Eigedommane er tekne inn i Statsbyggs balanse til marknadsverdi med 127,5 millionar kroner. Verdien blir fordelt mellom renteberande kapital og verksemskapital med høvesvis 10,2 og 117,3 millionar kroner slik at forholdet mellom gjeld og verksemskapital blir verande det same som ved utgangen av 2015.

Transaksjonsbaserte inntekter

Inntekt blir resultatført når ho er tent opp. Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Leigeinntekter blir periodiserte og resultatførte i den perioden leiga gjeld.

Sal av tenester blir inntektsførte i takt med utføringa. Kjøp av varer og tenester frå tredjepart i tilknytning til rådgivingsoppdrag og andre kundefinansierte bygningsoppdrag som er inngåtte for kunden sin risiko og rekning, blir rekna som utlegg og blir nettoførte i rekneskapen. Motteken delfinansiering frå kunde på byggeprosjekt blir førte som ein kostnadsreduksjon på investeringspostane i statsbudsjettet og blir ikkje balanseførte og skrivne av. Omfanget av dette blir opplyst om i note.

Statsbygg har ikkje transaksjonsbaserte inntekter knytte til sal av varer.

Inntekter frå løyvingar og inntekter frå tilskot og overføringar

Inntekter frå løyvingar og inntekter frå tilskot og overføringar blir resultatførte i den perioden då aktivitetane som inntektene skal finansiere, er utførte, det vil seie i den perioden kostnadene blir lagde til (motsett samanstilling). Prinsippet om motsett samanstilling er nytta ved slutten av året òg i samsvar med SRS 10.

Statsbygg er ei forvaltningsbedrift og har eit netto resultatkrav på kapittel 2445. Statsbygg inntektsfører ikkje løyvinginntekter på kapittel 2445 i verksemsrekneskapen.

Statsbygg har ikkje ført opp immaterielle eigedelar eller varige driftsmiddel i balansen, som er finansierte av løyvingar frå staten, på andre kapittel enn 2445. Statsbygg nyttar såleis ikkje avsetjing for staten si finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel og har derfor inga utsett inntektsføring av løyvingar. Sjå òg omtale under varige driftsmiddel.

Kostnader

Utgifter som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same perioden som tilhøyrande inntekt. Kjøp av varer og tenester frå tredjepart i tilknytning til rådgivingsoppdrag og andre kundefinansierte bygningsoppdrag som er inngåtte for kunden sin risiko og rekning, blir rekna som utlegg og blir netto- førte i rekneskapen. Utgifter som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i takt med at aktivitetane blir gjennomførte.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskaps-tilnærming til pensjonar. Det er dermed ikkje berekna eller sett av for eventuell over-/underdekning i pensjonsordninga som svarer til NRS 6. Pensjonskostnaden for året svarer derfor til årleg premiebeløp til Statens pensjons- kasse (SPK).

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar / langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig og langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmidlar blir vurderte til anskaffingskost fråtrekt av- og nedskrivningar. Statsbygg er ei forvaltningsbedrift som er underlagd løyvingreglementet § 7. Statsbygg har i Stats- budsjettet for 2015, side 174, fått unntak frå løyvingreglementet og kan derfor starte avskrivning av driftsmidlar når anleggsmidelen er teken i bruk i samsvar med SRS 17.

Immaterielle eigedelar

Eksternt innkjøpte immaterielle eigedelar som programvare og liknande rettar knytte til lønns- og rekneskapsystem, innkjøpssystem, prosjektstyringssystem, eigedomsforvaltnings-system og liknande blir balanseførte og skrivne av over den utnyttbare levetida til driftsmiddelet. Avskrivningar av immaterielle eigedelar under utføring startar når eigedelen er klar til å bli teken i bruk. Statsbygg har ikkje eigenutvikla immaterielle eigedelar.

Varige driftsmiddel

Driftsmiddel er varige og betydelege eigedelar som blir disponerte av Statsbygg. Med varig er meint utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med betydeleg er meint enkeltstående anskaffingar (kjøp) med anskaffingskost på kr 30 000 eller meir.

Alle egedelar som er førte i balansen, er finansierte over kapittel 2445. Egedommar finansierte over kapittel 531 og 533 er definerte som nasjonaleigedommar og kulturminne og skal i samsvar med SRS 17 ikkje aktiverast i balansen med økonomisk verdi. Egedommar finansierte over kapittel 530, 532 og 534 er ikkje eigde av Statsbygg og blir såleis ikkje aktiverte i Statsbyggs balanse.

Statsbygg balansefører desse gruppene med varige driftsmiddel:

- Tomter
- Bygningar og annan fast eigedom
- Maskiner og transportmiddel
- Driftslausøyre, inventar og verktøy
- Anlegg under utføring (byggjeprojekt)

For å sikre ei mest mogleg korrekt fordeling av levekostnadene for ein bygning har Statsbygg dekomponert alle bygga sine ved innføring av SRS per 1.1.2015 i samsvar med SRS 17. Kostprisen til bygget blir fordelt i ulike bygningsdelar (sjablongmessig) og fastset ulik levetid for bygningsdelane.

Utført arbeid som kan definerast som full utskifting av ein bygningsdel eller oppfyller kriteria til å vere ein påkostnad i samsvar med SRS 17, blir balanseført på bygget og skrive av i samsvar med levetida til den bygningsdelen arbeidet gjeld. Arbeid som ikkje blir rekna som full utskifting eller påkostnad, blir kostnadsført som vedlikehald.

Avskrivning for anlegg under utføring (byggjeprojekt som er i gang) startar når bygget er ferdigstilt og husleige skal reknast.

Anleggsmidlar blir skrivne ned til verkeleg verdi ved ei eventuell bruksendring, dersom verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi.

Byggjeprojekt som er delfinansierte av kunde, blir førte opp i balansen med netto prosjektkostnader etter frådrag for den delen som er finansierte av kunden. Dette er eit unntak frå SRS 17 som følgje av at staten sin finansieringsmodell for forvaltningsbedrifter ikkje tillèt at ekstern finansiering inngår i balanseført verdi slik at avskrivingsgrunnlaget og dermed også avskrivningar og nedbetaling av staten sin renteberande kapital aukar. Omfanget av kundefinansiering på aktiverbare byggjeprojekt blir opplyst om i note.

Finansiering av anleggsmidlar

Investeringar av anleggsmidlar finansierte over kapittel 2445 blir delvis finansierte gjennom avsetjing til investeringsformål og delvis ved renteberande kapital frå staten. Renteberande kapital er klassifisert som Staten sin kapital i balansen og blir renteberekna med årleg rentesats fastsett av Finansdepartementet. Avskrivningar reduserer balanseført verdi av renteberande kapital.

Ved realisasjon/avgang av driftsmidlar blir rekneskapsmessig gevinst/tap resultatført. Gevinst/tap blir berekna som salsvederlaget fråtrekt balanseført verdi på realisasjonstidspunktet og salsomkostningar.

Investeringar i aksjar og obligasjonar

Investeringar i aksjar og obligasjonar er balanseførte til kostpris. Dette gjeld langsiktige investeringar som er knytte til Statsbyggs eigedomsforvaltning. Utbytte og renter blir inntektsførte som anna finansinntekt.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. Hovudtyngda av Statsbyggs kundar er statlege føretak, og potensielle tap er avgrensa

Staten sin kapital

Staten sin kapital består av verksemdkapital, avrekningar og staten sin renteberande kapital. Statsbygg er ei forvaltningsbedrift, og verksemdkapitalen omfattar reguleringsfond, eigenfinansiering av investering og annan verksemdkapital. I avrekningar inngår mellomrekning med statskassen. Alle immaterielle egedelar og varige driftsmiddel i balansen er finansierte over kapittel 2445, delvis ved eigenfinansiering gjennom avsetjing til investeringsformål og delvis ved staten sin renteberande kapital.

Kontantstraumoppstilling

Det er ikkje utarbeidd kontantstraumoppstilling. Tilnærma lik informasjon er presentert i artskontorapporteringa som ein del av årsrekneskapen.

Sjølvassurandørprinsippet

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er dermed ikkje inkludert postar i balanse eller resultatrekneskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller plikter.

Konsernkontoordninga i staten

Statsbygg er omfatta av konsernkontoordninga i staten. Konsernkontoordninga inneber at alle innbetalningar og utbeta-lingar dagleg blir gjorde opp mot oppgjerskontoane verksemda har i Noregs Bank. Statsbygg får ikkje tilført likvidar gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldo på oppgjerskontoen i Noregs Bank blir nullstilt ved overgang til nytt rekneskapsår og rekna av mot mellomvære med staten.

RESULTATREKNESKAP STATSBYGG

	Note	2016	2015
Driftsinntekter			
Inntekt frå investeringsløyvingar	1	1 965 806 980	1 677 595 408
Inntekt frå driftsløyvingar	1	443 438 084	451 419 229
Inntekt frå tilskot og overføringar	1	174 232	2 411 086
Leigeinntekter	1	4 244 224 658	4 135 142 401
Salsinntekter rådgiving og andre fakturerte oppdrag	1	19 991 460	37 962 741
Andre driftsinntekter	1	64 634 212	184 522 652
Sum driftsinntekter		6 738 269 625	6 489 053 518
Driftskostnader			
Kostnader knytte til drift og vedlikehald av eigedom	5	708 863 623	707 828 459
Kostnader knytte til sal, rådgiving og andre fakturerbare oppdrag	5	41 146 166	36 543 682
Kostnader finansierte av investeringsløyving og belastningsfullmakt	5	1 889 865 419	1 496 736 202
Lønnskostnader	2	427 418 906	451 079 902
Avskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3,4	1 032 887 976	976 106 381
Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	3,4	55 102 748	45 658 462
Driftskostnader erstatningslokale for departementa	5	470 510 667	585 187 133
Andre driftskostnader	5	331 501 535	421 112 020
Sum driftskostnader		4 957 297 041	4 720 252 241
Driftsresultat		1 780 972 584	1 768 801 277
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	6	1 441 751	3 022 274
Renter av staten sin kapital	6	-72 779 101	-69 073 706
Andre finanskostnader	6	-855 919	-1 758 448
Sum finansinntekter og finanskostnader		-72 193 269	-67 809 880
Resultat av aktivitetane i perioden		1 708 779 315	1 700 991 397
Avrekningar og disponeringar			
Resultatkrav post 24 til statskassen		306 255 000	569 593 000
Til/frå reguleringsfond	8	213 787 978	-59 794 558
Til investeringsformål	8	1 185 900 222	1 169 567 290
Til/frå annan eigenkapital	8	2 836 115	21 625 665
Sum avrekningar og disponeringar		1 708 779 315	1 700 991 397
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	9		
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	10		

BALANSE

	Note	31.12.2016	31.12.2015
EIGEDLAR			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle egedelar			
Programvare og liknande rettar	3	144 989 269	138 104 936
Immaterielle egedelar under utføring	3	18 671 655	41 529 150
Sum immaterielle egedelar		163 660 924	179 634 085
II Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	4	34 695 774 465	34 503 701 274
Maskiner og transportmiddel	4	4 499 614	5 648 082
Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	4	101 804 240	94 594 504
Anlegg under utføring	4	5 957 188 937	3 784 809 359
Infrastrukturegedelar	4		
Sum varige driftsmiddel		40 759 267 256	38 388 753 220
III Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og delar	11	29 744	29 744
Obligasjonar	11	17 328 781	17 328 781
Andre fordringar		7 500	7 500
Sum finansielle anleggsmidler		17 366 025	17 366 025
Sum anleggsmidler		40 940 294 205	38 585 753 330
B. Omløpsmidlar			
I Behaldning av varer og driftsmateriell			
12			
II Fordringar			
Kundefordringar	13	1 168 820 498	1 047 113 222
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	14	4 082 077	11 571 832
Andre fordringar	15	116 100 332	130 298 300
Sum fordringar		1 289 002 908	1 188 983 355
III Bankinnskot, kontantar og liknande			
Kontantar og liknande	16		
Sum bankinnskot, kontantar og liknande			
Sum omløpsmidlar		1 289 002 908	1 188 983 355
Sum egedelar		42 229 297 113	39 774 736 684

BALANSE

	Note	31.12.2016	31.12.2015
STATEN SIN KAPITAL OG GJELD			
C. Statens kapital			
I Verksemdkapital			
Reguleringsfond	8	378 033 420	164 245 442
Annan verksemdkapital	8	35 976 349 281	34 670 294 858
Sum verksemdkapital		36 354 382 702	34 834 540 300
II Avrekningar			
Regna av med statskassen (bruttobudsjetterte)	7	-509 501 078	-291 088 424
Sum avrekningar		-509 501 078	-291 088 424
III Staten si finansiering av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel			
Staten sin renteberande kapital	6	4 292 581 221	3 168 498 181
Sum staten sin kapital		4 292 581 221	3 168 498 181
Sum staten sin kapital		40 137 462 845	37 711 950 057
D. Gjeld			
I Avsetjing for langsiktige plikter			
II Anna langsiktig gjeld			
III Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		407 119 346	484 477 479
Skuldig skattetrekk		28 097 941	26 126 455
Skuldige offentlege avgifter		8 944 332	18 286 225
Avsette feriepengar		63 553 248	61 923 870
Motteken forskotsbetaling	14	35 536 018	51 242 504
Anna kortsiktig gjeld	17,18	1 548 583 383	1 420 730 094
Sum kortsiktig gjeld		2 091 834 268	2 062 786 627
Sum gjeld		2 091 834 268	2 062 786 627
Sum staten sin kapital og gjeld		42 229 297 113	39 774 736 684

NOTE 1 DRIFTSINNTEKTER

		2016	2015
Inntekt frå løyvingar	Kapittel		
Løyving dette året frå overordna departement, post 01	3531, 531, 533, 534, 0020	445 426 513	448 724 503
Løyving dette året frå overordna departement, post 02	3533	-4 250 813	-5 443 622
Løyving dette året frå overordna departement, post 15	3531		-20 093
Løyving dette året frå overordna departement, post 21	532	182 384	350 464
Løyving dette året frå andre departement, belastningsfullmakt	43045, 163301	2 080 000	7 807 977
Sum driftsløyving dette året		443 438 084	451 419 229
Løyving dette året frå overordna departement, post 30	530, 531, 532	219 327 000	174 913 000
Løyving dette året frå overordna departement, post 31	530	40 000 000	633 000
Løyving dette året frå overordna departement, post 33	530	1 752 925 000	1 186 500 000
Løyving dette året frå overordna departement, post 34	530		
Løyving dette året frå overordna departement, post 36	530	26 083 000	21 945 000
Løyving dette året frå overordna departement, post 45	530, 531, 533, 534, 0020	369 192 000	507 110 000
- Ubrukt løyving til investeringsformål (post 30-49)	530-534, 0020	-441 720 020	-213 505 592
Sum investeringsløyving dette året		1 965 806 980	1 677 595 408
Sum inntekt frå løyvingar		2 409 245 064	2 129 014 637
Inntekt frå tilskot og overføringar *		174 232	2 411 086
Leigeinntekter			
Leigeinntekter fast eigedom		4 214 960 007	4 106 681 629
Anna leigeinntekt		29 264 651	28 460 772
Sum leigeinntekter **		4 244 224 658	4 135 142 401
Salsinntekter frå rådgiving og andre fakturerbare oppdrag			
Salsinntekter frå rådgivingstenester		13 070 480	11 408 247
Salsinntekter frå fakturerbare oppdrag		6 102 802	26 448 367
Andre salsinntekter		818 178	106 127
Sum salsinntekter frå rådgiving og andre fakturerbare oppdrag ***		19 991 460	37 962 741
Andre driftsinntekter			
Gevinst ved avgang anleggsmidlar ****		53 128 250	175 618 038
Andre inntekter		11 505 962	8 904 614
Sum andre driftsinntekter		64 634 212	184 522 652
Sum driftsinntekter		6 738 269 625	6 489 053 518

* Motteke tilskot gjeld i heilskap tilskot frå Enova SF frå Energifondet.

** Leigeinntekter er hovudsakleg husleige knytt til utleige til andre statlege etatar som nyttar staten si husleigeordning. Anna leigeinntekt er andre inntekter i samband med utleigeforhold, for eksempel inntekt frå indre vedlikehald og parkeringsplassar.

Utleieavtaler som går ut i perioden (år)	2018-2022	2023 eller senere
Årleg leigebeløp i 2016 (kroner)	1 279 859 999	6 102 268 067

Dette representerer leieavtaler knytte til utleieforhold som Statsbygg har inngått.

Tabellen viser årleg leigebeløp for avtaler som går ut i perioden 2018 til og med 2022, og årleg leigebeløp for avtaler som går ut i 2023 eller seinare.

*** Salsinntekter frå rådgiving er knytt til oppdrag der Statsbygg er rådgivar for andre statlege etatar som er leigetakarar i den private leigemarknaden. Salsinntekter frå fakturerbare oppdrag er knytte til bygningsoppdrag der oppdragsgivar fullfinansierer oppdraget.

**** Av netto salsgevinst på 53,1 millionar kroner utgjør sal av utanlandseigedommar knytte til ambassadar 22,2 millionar kroner, sal av tomt ved Universitetet i Stavanger 13,3 millionar kroner og sal av Tunsberg Stiftsgård 7,7 millionar kroner.

GRUNNLAG FOR INNETKTSFØRING AV UTGIFSLØYVING

Kapittel og post	Kontantprinsippet			Periodiseringsprinsippet	
	Utgiftsløyving (samla tildeling)	Inntektsløyving	Rapportert inntekt	Maksimalt berekna grunnlag for inntektsføring	Inntektsført løyving
430.45	2 614 094			2 614 094	
530.30	185 725 000			185 725 000	
530.31	40 000 000			40 000 000	
530.33	1 662 925 000			1 662 925 000	
530.36	26 083 000			26 083 000	
530.45	68 818 000			68 818 000	
531.01	26 049 000			26 049 000	
531.45	37 124 000			37 124 000	
532.21	198 000			198 000	
532.30	18 602 000			18 602 000	
533.01	21 098 000			21 098 000	
533.45	65 116 000			65 116 000	
534.01	394 249 000			394 249 000	
534.45	118 134 000			118 134 000	
8450.04	4 534 293			4 534 293	
3533.02		3 036 000	4 395 920	-4 395 920	
Sum				2 666 837 467	2 409 245 064

NOTE 2 LØNNSKOSTNADER

	2016	2015
Lønn	530 152 895	512 595 175
Timeavrekning egne tilsette investeringsprosjekt (-)	-235 009 292	- 204 140 976
Timeavrekning rådgiving og andre fakturerbare oppdrag (-)	-20 923 371	- 13 078 242
Timeavrekning bruksavhengige driftskostnader (BAD) (-)	-73 769 761	-63 556 875
Feriepenger	65 767 332	64 176 136
Arbeidsgivaravgift	90 452 656	86 548 165
Pensjonskostnader	79 450 900	72 281 054
Sjukepengar og andre refusjonar	-21 061 996	-16 996 677
Andre ytingar	12 359 543	13 252 141
Sum lønnskostnader	427 418 906	451 079 902
Tal på årsverk:	901	883
Tal på tilsette:	929	908

Netto lønnskostnader er i 2016 redusert i forhold til 2015 med 24 millioner kroner. Dette kjem av at det i 2016 har vore ein auke i timeavrekning i forhold til 2015 på 49 millioner kroner på grunn av auka aktivitet.

Timeavrekning gjeld timar egne tilsette har brukt på investeringsprosjekt, fakturerbare prosjekt og bruksavhengige driftskostnader knytte til utleieforhold som reduserer lønnskostnadene. Timeavrekning på investeringsprosjekt finansierte over kapittel 2445 blir aktivert i balansen. Timeavrekning på andre investeringsprosjekt og fakturerbare prosjekt er klassifisert som kostnader finansierte av investeringsprosjekt og kostnader knytte til sal, rådgiving og andre fakturerbare oppdrag. Timeavrekning bruksavhengige driftskostnader blir rekna av mot kunde og nettoført i rekneskapen.

